



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandlar: Planavdelinga/Line Thuen Waage

Vår referanse: 17/3013 - 45 / FE - 141

Dato: 20.03.2018

Emne: Vurdering av merknad frå NVE - planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Nytt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-13, godkjenner kommunestyret planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2019-2031, revidert 12.03.2018 og med endring om at naturfare blir eit eige tema i program for konsekvensutgreiing.

Bakgrunn

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel låg ute til offentlig høyring frå 16. januar – 4. mars 2018. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) blei ved ein feil varsla seinare enn andre høyringspartar. Uttalen frå NVE med administrasjonen sin vurdering blir med dette notatet ettersendt til Plan- og miljøutvalet før møtet 21. mars.

Merknad til planprogrammet

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Naturfare

NVE skriv i sin uttale at utgreiing av flaum-, erosjon- og skredfare på kommuneplannivå har som mål å avklare om det er areal med potensiell fare i område der det kan vere aktuelt med utbygging. Kommunen må difor vurdere om det kan vere naturfare også i dei eksisterande byggeområda i gjeldande plan. Dette fordi tryggleikskrava i Byggt teknisk forskrift (TEK17) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting. Planprogrammet bør reflektere at potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle område der utbygging er aktuelt.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



NVE viser til at omsynssoner er eit svært godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som skal takast i vidare planlegging og sakshandsaming av einskildsaker. NVE rår til at alle aktsemdområde for naturfare vert innarbeidd i plankartet som omsynssoner. Særleg legg NVE vekt på at dette vert gjort i eksisterande og framtidige byggeområde. Kommunen bør styre ny utbygging til trygge område.

Klimaendringar

Norsk klimaservicesenter har utarbeidd Klimaprofil Hordaland. NVE rår Lindås kommune til å nytte kunnskapen i klimaprofilen i arbeidet med kommuneplanen. NVE viser til at klimaframskrivingar tilseier at det vil bli hyppigare episodar med styrtregn og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør ein vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Flaum- og vassføringssituasjonen i bekkar og elver bør vurderast. Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde.

Havnivåstiging er ein alvorleg konsekvens av klimaendringane. NVE syner her til DSB sin rettleiar Havnivåstiging og stormflo.

Vassdrag

NVE skriv at alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt bør utbygging tett inn til vassdrag unngåast. Kommunen bør vurdere å innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag.

Dersom kommuneplanens arealdel legg opp til tiltak som inneber inngrep i vassdrag skal det i KU gjerast greie for om tiltaket påverkar ålmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapeleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred. NVE rår til at det vert teke inn i planprogrammet at det må gjerast greie for om inngrep i vassdrag påverkar ålmenne interesser i vassdraget.

NVE peiker på at Eikefetelvi er verna mot kraftutbygging.

Vassdrags- og energianlegg

NVE ber kommunen kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at det kan takast omsyn til planlagde nye kraftleidningar og oppgradering av eksisterande kraftleidningar.

Administrasjonen sin vurdering

Planprogrammet til arealdelen skal reflektere at potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle område der utbygging er aktuelt. For vurdering og kartlegging av potensiell naturfare skal kommunen kartlegge blant anna skredfare i bratt terreng, flaumfare og erosjon. Administrasjonen meiner dette kan kome tydelegare fram i planprogrammet under program for konsekvensutgreiing, og vil anbefale å ta inn eit eige punkt i tabellen om dette:

Tema	Moglege verknader	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Naturfare	Endra arealbruk kan medføre auka risiko for blant anna skredfare, flaumfare og erosjon	Kartgrunnlag	Potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle område der utbygging er aktuelt

I program for konsekvensutgreiing er vassmiljø og verna vassdrag eit eige utgreiingstema.

Lindås kommune tar NVE's råd og rettleiing med vidare i planprosessen.